



FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I MIDSUND KOMMUNE

Vedteke av Midsund Kommunestyre i møte 17.12.09, K.sak 09/98, gjeldande frå 01.01.2010.med heimel i lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 11-4, kap 12, kap. 15, kap. 15A og § 16-1.

1 GENERELT

Midsund kommune sine abonnentar betalar for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale forskrifter, regulativ mv. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor;

- Lov av 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter
- Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven)
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften)
- Plan- og bygningslov 14. juni 1985 nr. 77 (PBL) med tekniske forskrifter og veiledning
- Lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant
- Lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven)
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Midsund kommune (dette dokumentet)
- Sanitærreglement for Midsund kommune, vedteke av kommunestyret xx.xx.2009
- Forskrifter av xx.xx.2009 om påslepp av olje- og/eller fettholdig avløpsvass til kommunalt avløpsnett
- Gjeldende Normalreglement for sanitæranlegg (Tekniske og administrative bestemmelser)
- Avtale om påslepp av nærings- og industriavløp til kommunen sitt avløpsnett av xx.xx.09.

§ 1 FORMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta fastsett korleis gebyra skal reknast ut og krevjast inn frå abonnentane for tenestene innafor vatn og avløp som kommunen leverer i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 2 FORSKRIFTAS VIRKEOMRÅDE

Forskriften gjeld for alle kommunens abonnentar, sjå definisjon i § 3.

§ 3 DEFINISJONAR

Abbonent

Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vatn- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomta, og brukar festerett slik det går fram av lov om tomtefeste. For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad) kan det avtalast at ein annan enn festaren skal vere abonnent.

Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 65, 66 og 92 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vatn- og/eller avløpsledning.

Abonnementsgebyr

Årsgebyret sin arealavhengige del, som skal dekkje ein del av kommunen sine faste kostnader for vass- og/eller avløpstenester

Forbruksgebyr

Årsgebyret sin variable del som skal betalast etter forbruk (målt eller etter areal)

Forbruksfaktor

Forholdet mellom forbruk i m³ pr. år og bygningsarealet i m².

Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla)

Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar:

- Arealet innanfor bygningen sine omsluttande veggjar og
- Del av fellesareal som høyrer til bygningen, men som ligg utanfor bygningen sine omsluttande veggjar.

For fleire detaljar sjå NS 3940.

Bruksendring

Med endring i bruken av eigedomen meiner ein endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad , fritidsbustad/hytte (fritidsbygg) og næring - /offentleg verksemd.

Husholdningsavløp:

Avløp frå ordinær hushaldsaktivitet, også avløp frå vassklosett.

Konsentrasjonsgrenser for enkelte parametere er definert som (kjelde; SFTs publikasjon TA 679);

Organisk stoff (KOF)	< 600 mg/l
Total fosfor (Tot-P)	< 10 mg/l
Total nitrogen (Tot-N)	< 60 mg/l
Suspendert stoff (SS)	< 400 mg/l

Tilkoplingsgebyr – eingongsgebyr

Eingongsgebyr for etablering av abonnement for vass- og/eller avløpstenester

Felles privat stikkledning

Ledning eigd av eit fellesskap av abonnentar tilknytt via denne til kommunalt ledningsnett.

Fritidshus/hytte

Fast eigedom med tilhøyrande bygg regulert/godkjend som fritidshus/hytte.

Gebyrregulativ for vatn og avløp

Gjeldande prisoversikt for vass- og avløpsgebyr. Satsane i gebyrregulativet blir årleg vedteke av kommunestyret.

Næringsverksemd

Ervervsmessig verksemd.

Offentleg verksemd

Verksemd driven av staten, fylke eller kommune

Stipulert forbruk

Forventa forbruk hos ein abonnent fastsett med bakgrunn i bygningen sitt areal.

Målt forbruk

Forbruk av vatn og/eller produksjon av avløp fastsett på basis av faktisk målt forbruk av vatn ved vassmålar.

Årsgebyr

Gebyr som årleg skal betalast av abonnentar for Midsund kommune sine vass- og avløpstenester. Årsgebyret består av abonnementsgebyr (fast) og forbruksgebyr.

Privat stikkledning

Ledning eigd av abonnenten tilknytta via denne til kommunalt nett. For vatn reknast ledninga frå bygningen til hovudvassledninga inklusiv anboringsklaven. For avløp og overvatn reknast ledningane frå bygningen til hovudledninga inklusiv grenrør på hovudledninga.

2 GENERELT VASS- OG AVLØPSGEBYR

§ 4 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for forskjellige vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilkopling til vass og avløp
- Årsgebyr (sum av forbruksgebyr + abonnementsgebyr) for vass og avløp
- Gebyr for leie av vassmålar (Midsund kommune leiger ut vassmålar)
- Gebyr for behandling av søknad om utsleppsløyve
- Kontrollgebyr:
 - o manglande vassmåleravlesing
 - o oppfølging og kontroll av VA-anlegg og industri påslepp
- Gebyr for å plumbere vassinntak
- Gebyr for behandling av søknader om utslepp av avløpsvatn
- Tilleggsgebyr :
 - Gebyr ved ulovleg hagevatning, vasslekkasje og ulovleg arbeid på kommunalt VA nett
 - Saksbehandlingsgebyr påslepp av anna enn hushaldningsavløp
 - Tilsyn/kontroll av fett- og oljeavskiljarar
 - Tilleggsgebyr for avløp som har anna samansetning enn vanleg hushaldningsavløp

Gebyra sin storleik blir fastsett av kommunestyret og kjem fram av kommunen sitt gebyrregulativ.

§ 5 AREALBEREKNING

Når utrekning av gebyret er avhengig av bygget sin storleik, skal utrekninga av arealet vere basert på berekna areal, BRA, jf. Definisjon § 3.

Gebyra for eigedomen vert berekna for heile eigedommen under eitt. Det skal ikkje reknast gebyr for eigedom det ikkje er bygg .

§ 6 KOMMUNEN SIN RETT TIL KONTROLL

Kommunen har rett til å foreta kontroll av eigedomen sitt vass- og avløpsanlegg, og alle forhold som kan ha verdi for gebyrberekninga for ein eigedomen. Eigaren pliktar å medverke til dette.

3 GENERELT VASS- OG AVLØPSGEBYR

§ 7 TILKOPLINGSGEBYR

Etter lov om kommunale vass- og kloakkavgifter skal det betalast eit eingongsgebyr for tilkopling til kommunale vass- og/eller avløpsnett.

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

Det skal ikkje betalast tilkoplingsavgift ved utviing av bruksarealet (tilbygg, påbygg, ombygging, bruksendring) dersom utviinga ikkje medfører ekstra kostnader for kommunen.

Eingangsgebyret vert fastsett pr. m² brusareal (BRA) berekna med grunnlag i NS 3940 eller eksisterande arealdata. Gebyret vert fastsett ved å multiplisere bygningen sitt bruksareal BRA med ein pris i kr/m² og skal betalast ved første gongs tilkopling. Prisen kjem fram av Gebyrregulativet.

Eingongsgebyret for tilkopling av nye bygg/ abonnentar forfell til betaling etter at det er gitt byggjeløyve / rammeløyve/ nytilkopling.

Mellombelse abonnentar betaler ikkje eingongsgebyr.

Ved eventuell gjengoppbygging etter riving eller brann, vert det rekna gebyr for differansen mellom gammalt og nytt bygg.

4 ÅRSGEBYR

§ 8 Årsgebyr

Gebyr som skal betalast årleg av alle abonnentar for å ha tilgang til kommunen sine vass og/eller avløpstenester. Årsgebyret består av to deler:

- o abonnementsgebyr
- o forbruksgebyr.

Samla abonnementsgebyr for kommunale vass- og avløpstenester skal dekkje ein del av kommunen sine venta årskostnader knytt til tenesta. I gebyrregulativet går det fram kor stor del av kostnadene som abonnementsgebyret skal dekkje. Resten skal dekkjast inn gjennom forbruksgebyret.

Abonnements gebyr

Årsgebyret sin faste del som skal betalast av abonnenten og skal dekkje einforholdsmessig del av kommunen sine faste kostnader for vass- og avløp. Bereknast etter bruksareal (BRA).

Driftsbygningar i landbruket betalar abonnementsgebyr for bruksarealet av den etasjen besetninga er plassert.

Forbruksgebyr

Årsgebyret sin variable del som skal betalast etter forbruk (målt eller stipulert)skal gjenspegle abonnenten sitt forbruk av vass- og avløpstenester. Den enkelte abonnent kan velje kva for ein avrekningsmåte som ein ønskjer, med dei avgrensingar som elles følgjer av denne forskrifta.

Næringsverksemdar og offentlege verksemdar betalar forbruksgebyr etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³. Forbruket vert målt med installert vassmålar.

Fritids/hytteabonnentar betalar enten etter faktisk (målt) vassforbruk eller som ein del av stipulert forbruk etter berekning av bruksareal i høve til NS 3940, samt pris pr. m³. Delen, som vil variere etter venta brukstid, og omrekningsfaktor for stipulert forbruk [m³/m²] er definert i Gebyrregulativet. Dei andre abonnentar betalar etter faktisk (målt) vassforbruk, evt. etter stipulert forbruk basert på berekning av bruksareal i høve til NS 3940, og pris pr. m³. Omrekningsfaktor for stipulert forbruk [m³/m²] er definert i Gebyrregulativet. For alle abonnentar gjeld at avløpsmengde blir rekna lik vassmengde, sjå kapittel 5 – vassmålarar..

For alle abonnentar gjeld hovudregelen at avløpsmengde skal reknast lik vassmengde.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

§ 9 Avvik ved berekning av årsgebyr

Dersom avløpsmengda er vesentlig større eller mindre enn det målte vassforbruk, kan:

- abonnenten søkje kommunen om at avløpsmengda vert sett lågare enn vassforbruket.
- kan kommunen pålegge at avløpsmengda vert sett høgare enn vassforbruket.

§10 Gebyr etter avtale/ mellombels abonnent

Kundar som ønskjer mellombels tilkopling til vass- og / eller avløpsnett, for eksempel byggeplassar, kan etter innsendt og godkjent rørleggarmelding bli tilknytt det kommunale nettet.

Den mellombelse bygningen/brakkeriggen skal i utgangspunktet ha installert vassmålar. I dei tilfelle vassmålar ikkje blir installert, vil arealet danne grunnlaget for gebyrberekinga. Faktura vil bli sendt til eigar/tiltakshavar. Gebyra vil bli fakturert frå tilkoplingstilkoplingstidspunktet og fram til Midsund kommune har motteke skriftleg melding om at ledningane er plugga og fjerna etter forskrifta av godkjent rørleggjar. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilkopling, men alle kostnader vedrørende tilkopling og fråkopling skal betalast av eigar/festar av eigedomen. Mellombels tilkopling gjeld for opp til eitt år, med moglegheit for å søkje om forlenging. . Elles gjeld dei tekniske bestemmingane for kommunen.

Uttak av vatn utan eigedom. Ved sal av vant til skip og andre skal gebyret verte sett fast på bakgrunn av målt mengde.

§11 Fritak

Ettersøknad til kommunen kan abonnenten få fritak for årsgebyret når eigedomen fysisk vert fråkopla det kommunale ledningsnett. Abonnementet sluttar når ein har motteke melding om at huset er fråkopla og er stadfesta av kommunen .Kommunen skal kontrollere fråkoplinga, elles gjeld bestemmingane i andre ledd. Ein føresetnad for fritak for vass- og/eller avløpsgebyr er at innvendig stoppekran vert plombert. Ordninga omfattar bustadar med gebyr etter areal og eigedomar med vassmålar. Eigedom med vassmålar skal i perioden betalevanleg målarleige. Kommunen kan påleggje at eigar/festar skal betale gebyr for å plombere innvendig stoppekran. Gebyra finn ein i gebyrregulativet. Ingen andre enn kommunen kan bryte ei plombering.

Ny tilkopling av eigedomen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr. Det er abonnenten som skal koste både fråkopling og ny tilkopling etter anvising frå kommunen. Det er berre personale frå Midsund kommune som kan åpne ein plombert vassmålar. Er plomberinga på ein vassmålar broten vil Midsund kommune kunne fastsette forbruket for heile perioden etter skjøn.

5 VASSMÅLAR

§12 Krav om vassmålar

Næringsverksemdar/eigedomar inkl. gardsbruk og offentlege verksemdar skal ha installert vassmålar. For andre eigedomar kan både abonnenten og kommunen krevje installasjon av vassmålar. Melding Søknad ? om installasjon av vassmålar skal ein rette til kommunen. For installasjon, bruk og leige av vassmålar gjeld bestemmingane for kommunen. Pris for leige av vassmålar går fram av Gebyrregulativet.

Bustadabonntar

Bustadabonntar som ønskjer avrekning etter målt forbruk, må sjølv kontakte godkjent rørleggjar for installering av vassmålar. Vassmålaren er kommunen sin eigedom og abonnenten skal betale ei årleg leige etter Gebyrregulativet. Montering / demontering av vassmålar må abonnenten koste. Ved overgang til vassmålar er det ei bindingstid på 1 år. Ønskjer abonnenten kontroll av vassmålar, skal ein søkje skriftleg. Ved feilmåling større eller lik 5 %, vert kontroll/justering utført utan kostnad for abonnenten. Ved feil mindre enn 5 %, betaler abonnenten kostnaden.

Næringsabonntar

Næringsabonntar skal å gi Midsund kommune skriftleg melding ved mistanke om feilmåling. Næringsabonntar skal sørgje for kontroll/utskifting av vassmålaren i h.h.t. ”Tekniske bestemmingar for installasjon og bruk av vassmålalar”.

§13 Installering av vassmålar

Ønskjer ein abonnent vassmålar skal ein søkje skriftleg. Midsund kommune bestemmer type, plassering og storleik på vassmålaren. Kommunen skal utan hindring ha tilgang til målaren. Montert vassmålar skal ikkje takast vekk utan at Midsund kommune har gitt samtykke.

Installering av vassmålalar skal utførast av godkjent rørleggjar i samsvar med det til ein kvar tid gjeldande reglement for vassmålalarinstallasjonar. Eigar er ansvarleg for at melding blir sendt Midsund kommune.,

Registreringskjema får ein ved å ta kontakt Midsund kommune.

§14 Avlesing av vassmålar

Avlesing av vassmålar skal gjerast to gong pr. år. Avlesingskort vil bli sendt abonnenten i mai og før årsskiftet. Abonnentar med vassmålar skal returnere avlesingskortet i utfylt stand innan den oppgitte fristen. Kommunen kan utføre stikkprøver av målar og /eller målaravlesing. Ved feilavlesing eller manglande innsending av målaravlesing kan vassmengda bli stipulert etter skjønn av Midsund kommune.

Kjem målar som er i bruk bort eller vert skada skal ein straks melde dette til Midsund kommune.

Ein syner elles til Tekniske bestemmingar for installasjon og bruk av vassmålalar.

§15 Forsøming av å etterkome pålegg

Det kan bereknast eit tillegg til vass- og/eller avløpsgebyret dersom ein gebyrpliktig forsømer å etterkome pålegg om:

- o installere vassmålar
- o innsending av vassmålalaravlesing.

Tilleggsgebyret byrjar å verke 2 månader etter at pålegget er gitt og utgjer 100 % av eigedomen sine vanlege vass og/eller avløpsgebyr. Tillegget vert berekna for kvart påbyrja kvartal og varer inntil pålegget er etterkomme /forsvarleg utført.

§16 vasslekkasje

Abonnten er ansvarleg for å sørge for at egne stikkledningar og installasjonar er i god stand og føre tilsyn med dette for å hindre vasslekkasje og slik at ein eventuell vasslekkasje vert oppdaga på et tidleg tidspunkt. Abonnten skal snarast mogleg melde til kommunen om lekkasje som har oppstått. Forbruk av vatn som følgje av vasslekkasje på privat ledning og som abonnten burde ha oppdaga blir belasta abonnten, med mindre andre vektige omsyn vert framlagt til kommunen for vurdering. Dersom vasslekkasjen ikkje vert målt av vassmålar, vil kommunen stipulere vassmengda som er tapt ved lekkasjen. Private stikkledningar er abonnten sitt ansvar og utbedingar skal betalast av abonnten.

§17 Utslepp spredt busetnad

I kap 12 i forureiningsforskrifta er kommunen forureiningsmyndigheit for nye utslepp under 50 pe samt eksisterande utslepp med vesentleg auke av forureining. Vidare har kommunen ei kontrolloppgåve med tilsyn av eksisterande og nye anlegg.

Saksbehandlingsgebyr nye utslepp/utslepp med vesentleg auke av forureining:

Saksbehandlingsgebyr for behandling av utsleppsløyve hht kap 12 i forureiningsforskrifta vert fastsettes i gebyrregulativet.

Kontrollgebyr avløpsanlegg spredt busetnad:

Kommunen skal over ein periode på 8 år gjennomføre kontroll av avløps - systemet til alle med private utslepp. Kontrollgebyret vert fastsett i gebyrregulativet.

§18 Sprinklaranlegg

Vassforbruk som følgje av aktivisering av sprinklaranlegg vert belasta abonnent. For bygg med sprinklaranlegg kan det inngåast særlege avtaler slik at kommunen sine kostnader blir dekt.

§19 Vatningsforbod eller -restriksjonar

Ved spesielle høve kan ledningsnett ha problem med kapasiteten . Kommunen vil likevel så langt som mogleg tilby reservekapasitet i ledningsnett til vatning. Abonnten pliktar å følgje kommunen sin varsla vatningsforbund eller -restriksjonar. Gjentatte brot på vatningsforbod eller -restriksjonar vil medføre at tappekranen vert plombert av kommunen. For dette svarer abonnten gebyr. Plombering blir fjerna når forbod eller restriksjonar sluttar. Berre kommunen kan fjerne plombering. Forbruk av vatn blir belasta abonnten. Dersom vassforbruket ikkje vert målt av vassmålar, vil kommunen stipulere vassmengda.

§20 Utbetring av privat avløpsledning

Eigar av privat ledningsnett som fører vass til og/eller avløp frå kommunalt ledningsnett plikter å sørge for at ledningar og installasjonar er i samsvar med forskrifter og retningsliner. Kommunen kan pålegge eigar å utbetre privat ledningsnett og installasjonar for eigar sin kostnad jf. Forureiningslova § 22. Kommunen kan bestemme tvangsmulkt etter forureiningslova § 73 og/eller sette i verk tiltak etter forureiningslova § 74. Det kan bereknast eit tillegg til avløpsgebyret dersom ein gebyrpliktig forsømer å etterkomme pålegg om:

- å utbetre manglar på sanitærutstyret og feil på avløpsanlegget som medfører forureining
- å samankople inn - og utløpsledningar i privat septiktank
- separering av avløps- og overvassledningar

Tilleggsgebyret byrjar å virke 2 månader etter at pålegget er gitt og utgjer 100 % av eigedomen sin ordinære (vanlege) vass og/eller avløpsgebyr. Tillegget vert berekna for kvart påbyrja kvartal og gjeld inntil pålegget er etterkome/forsvarleg utført.

§21 Arbeid på eksisterande vass- og/eller avløpsnett

Arbeid på kommunalt drikkevass- og/eller avløpsnett skal berre utførast etter avtale med kommunen og slik kommunen bestemmer.

Ved misleghald vert den ansvarlige tillagt eit gebyr lik;
Kr 10.000 + kommunen sine faktiske kostnader.

7 PÅSLEPP AV AVLØP FRÅ NÆRING OG INDUSTRI

§ 22 Saksbehandlingsgebyr

Det skal betalast gebyr for søknad om avtale og/eller endring av avtale om påslepp av næringsavløp til kommunalt nett. Gebyret skal dekke kommunen sin kostnad vedrørande søknaden. Som for innhenting av bakgrunnsmateriale, forurensningsmessig vurdering, utarbeiding av vedtak, eventuell synfaring osv. Nødvendig dokumentasjonsgrunnlag til søknaden skal søkjaren framskaffe og betale. Blir søknaden avslått, betalast halvt saksbehandlingsgebyr.

Saksbehandlingsgebyr for søknad om avtale om påslepp til kommunalt nett er organisert som et grunnggebyr med tilleggsggebyr for medgått tid utover normal arbeidsmengde.

§ 23 Kontrollgebyr næring

Næring og industribedrifter med avløp med annen samansetning enn husholdningsavløp skal årlig rapportere sitt påslepp til kommunen sitt avløpsnett. Kommunen sin kostnad for oppfølging av kontroll av bedrifta sin eigen rapportering, skal betalast av bedriftene i form av kontrollgebyr. Storleiken på gebyret blir fastsett i gebyrregulativet

§ 24 Olje- og fettavskiljar

Kommunen sine kostnader med tilsyn/kontroll av fett og oljeavskiljar vert å betale av tankeigar. Gebyrbenes storleik vert fastsett i gebyrregulativ.

§ 25 Gebyr for avløp med avvikande samansetning

For næringsverksemd og offentlig verksemd, der avløpsvatnet samansetning avvik frå vanleg husholdningsavløp og verkar f. eks fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sine avløpsanlegg, kan det rekna eit påslag til forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstrautgiftene.

8 FAKTURERING

§26 Betaling av gebyr

Heimelshavrar står ansvarleg for betaling av gebyra.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert innkravd på felles faktura og vert fordelt over 2 terminar pr. år.

Tilkoplingsgebyr vert fakturert fortløpande .

§27 Årsgebyr og gebyr for vassmålarleige

Fakturering av årsgebyr og vassmålarleige for vass og avløp vert fordelt over 2 terminar pr. år.

9 AVSLUTTANDE BESTEMMINGAR

§28 Innkrevjing av gebyr

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter panteloven § 6-1. Gebyra vert krevd inn av kommunen etter regler for innkrevjinga av skatt.

§29 Vedtaksmynde

Enkeltvedtak etter denne forskrift vert fatta av Midsund kommune, teknisk

§30 Klage

Når det vert gjort enkeltvedtak etter denne forskrifta skal den/dei vedtaket gjeldverte informert om den klagetilgang som følgjer av Forvaltningslova. Klagen skal sendast til den instans som har fatta vedtaket. Vedtak om storleik på gebyret, som kjem fram av gebyrregulativet, vert rekna som forskrift, jf. forvaltningslovens § 2 første ledd c). Dette er ikkje enkeltvedtak og kan derfor ikkje påklagast.

§31 Ikrafttredelse

Forskrifta trer i kraft frå det tidspunktet den er kunngjort. Frå same tidspunkt vert tidligare forskrift oppheva.